


BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik



Nr. 3 | oktober 2022 | Årgang 64



Viljar Garen tek stolt imot 4-årsboka frå trusopplærar Manuela Bjotveit under Hausnakkefesten i Eidfjord kyrkje.

ULVIK OG EIDFJORD SOKN

Ulvik kyrkjekontor:

Ulvik kyrkjelydsenter, Storøyni 6, 5730 Ulvik

Dagleg leiar/kyrkjeverje:

Willemina van Manen, tlf. 56 52 68 00 / 913 42 917
kyrkjeverje@ulvik.kyrkja.no

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Bergo Aarvik, tlf. 452 28 287,
tiljorunn@gmail.com

Kyrkjetenar: Janne Kristin Stenseth-Håheim,
tlf. 415 02 460

Soknerådsleiar: Knut Nes, tlf. 976 68 025

Eidfjord kyrkjekontor:

Lægreidsvegen 24, 5783 Eidfjord, tlf. 53 66 52 51

Telefontid tysdag og torsdag kl. 09.00-14.00

Kyrkjeverje: Tone Felle Nesheim,
tone@eidfjordkyrkje.no

Assisterande kyrkjeverje: Irene Viveli,
irene@eidfjordkyrkje.no

Organist: Kris Ulita, rufsenis@gmail.com

Kyrkjetenar: Christian Bouvain,
christian@eidfjordkyrkje.no

Barne- og ungdomsarbeidar

Manuela Bjotveit, manuela@eidfjordkyrkje.no

Diakoniarbeidar og klokkar: Ingeborg Wijland,
ingeborgwijland@gmail.com

Soknerådsleiar: Kari T. Hovland, telefon: 913 86 874

Sokneprestar:

Eidfjord: Johannes Pettersen, 53 66 52 51 /
913 40 828, johannes@eidfjordkyrkje.no

Ulvik: Bengt Staffan Arvidsson
BA735@kyrkja.no, tlf. : 902 58 161
Magnar Haaland, tlf. 415 46 366,
mh977@kyrkja.no

Eller kontakt: Voss kyrkjekontor – prosten,
tlf. 56 52 38 80

Redaksjon for kyrkjebladet:

Tone Felle Nesheim, Wilma Bergman og
Kjersti Næsheim. Kyrkjeverje Willemina van Manen,
soknerådsleiar Knut Nes og soknerådsmedlem
Stein-Arnold Hevøy.

Redaktør: Steinar I. Bergo, tlf. 908 41 077
steinar.bergo@ulvik.org

KONTONUMMER: 3530 31 60378

VIPPS: 593359

Bladpengar	kr 200,-
Utanbygds	kr 300,-
Utanlands	kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar og
gåver til kyrkjebladet.

Nettopp du gjer at me held hjula i gang!
Takk til annonsørane våre for støtta, og
me oppmodar bygdefolka om å støtta
dei igjen!

Ei helsing og takk til folket i Ulvik og Granvin

TEKST: MAGNAR HAALAND

Sidan 2016 har eg vore sokneprest i Ulvik og Granvin. Det har vore ei glede for meg å vere prest i kyrkjelydane og mellom folket i sokna. Som mange av dykk veit, har eg levt med kreft i mange år. Kreften vart diagnostisert i 2010, og sidan det har eg vore gjennom 4 store operasjoner. Diverre har ein ikkje kunne stanse sjukdomen. Dei siste 2 åra har eg arbeidd i 50%. Dei siste månadane har diverre situasjonen min vorte merkbart verre. Det gjer at eg ikkje har makta å ta gudstenester, kyrkjelege handlingar og ha konfirmantar. Truleg må eg redusere arbeidsmengda ytterlegare. Slik eg ser det, er ein av dei viktigaste oppgåvene til ein prest å kunne vere til teneste for dei ho eller han er satt til å tene. Å vere nær/saman med kyrkjelyden. På grunn av helsa maktar eg ikkje det lenger, difor har eg bede om at biskopen løyser meg frå stillinga som sokneprest i Ulvik og Granvin. Eg har gått attende til stilling som prostiprest. I denne stillinga vil eg vere meir til disposisjon for prosten, der han måtte ha trong for hjelp. At underteikna er fristilt, gjer at ein, om ikkje så alt for lenge, kan lyse ut stilling som sokneprest i Ulvik og Granvin på ny. Det kunne ein ikkje så lenge eg sat i stillinga, med stillingsheimelen. Inntil vidare vil Bengt Arvidsson ha mesteparten av tenestene i sokna, og vere den presten de oftast møter. Eg er beden om å fortsette som geistleg representant i Ulvik sokneråd/fellesråd og i Granvin sokneråd (sitje i fellesråd/ sokneråd). Eg vil elles drive med planlegging og administrasjon for Ulvik/Granvin og vere til administrativ hjelp for prosten. Skulle helsa verte betre, vil det, mest sannsynleg, vere mogeleg for meg å tre inn att i aktiv presteteneste. Eg håpar det beste og tenkjer at eg, midt oppe i alt, er i Herrens hender og i mange si forbøn.



Eg vil takke dykk alle i Ulvik og Granvin, særskilt sokneråda og tilsette, for den måten de har møtt meg på. Det har og vore mange fine møte og samtalar med folk i sokna, i glede og i sorg, i helg og kvardag. Takk for den støtta de har vist meg i omsut og forbøn med gode ord, og måten de har teke imot meg på TUSEN TAKK!

Gud signe dykk alle!

Magnar, prest

Telefontider Eidfjord kyrkje

Kyrkjekontoret i Eidfjord er ikkje bemanna alle dagar. Du treffer oss lettast på telefon tysdagar og torsdagar frå kl. 09.00-14.00. Du kan gjerne prøva å ringe utforbi telefontida, men då kan det henda det ikkje er folk tilstades.



Fireårsbok, haustakkefest og barnedåpar

TEKST OG BILETE: REDAKTØREN

Det kom dessverre ingen fireåringar til gudstenesta som var øyremerka dei. Kyrkja var fint pynta til haustakkefest, og i desse tider i ei verd som svelt, er det all grunn for oss til å takka for grøda. Men to dåpsborn med familiar og fadrar gjorde denne timen til ein fest likevel.



Takk for grøda og for at me har mat.



Nora vart døypt.



Bengt presenterte henne for kyrkjelyden.



Så var det Sigurd sin tur.



Slik ser han ut.



Det er ikkje kvar dag ein vert døypt, så det er godt å kvila litt etterpå.

Konfirmantpresentasjon i Ulvik kyrkje

**Sundag 28. august var det presentasjon
av nye konfirmantar som skal ha
konfirmantundervisning fram til våren
2023.**

TEKST OG BILETE: REDAKTØREN

Alf Prøysen skreiv at «Ein skulle vørri fire år i romjul». Som snart 60-årskonfirmant tenkte eg at «Eg skulle vore konfirmant i Ulvik i dag!» Det var ei skreddarsydd gudsteneste for konfirmantane. Bengt og Jorunn var ein samspelet duo som jamvel fekk ein gamal lærar til å spissa øyro. Bodskap, form og utføring gjekk rett heim hjå konfirmantane, og ein gamal lærar med fotoapparat på galleriet. I introen til preika hadde Jorunn ei utfordring til presten om kva han ville hatt av 1000 000 fylgjarar på TikTok eller 1000 000 kroner. Spørsmålet er ikkje så heilt lett å svara på. I preika si etterpå utvikla Jorunn



Konfirmantane i arbeid på kyrkjekontoret. Foto: Willemina van Manen.

dette vidare til alle sitt behov for å verta likt, og problemet med å ikkje verta likt. Det å gjera seg finare og betre enn ein er, i staden for å vera ærleg om kven ein er. Ulike plattformer på internett gjer denne problematikken høgaktuell for dei unge i dag! Preiketeksten var kvinnen som trefte Jesus ved brunnen, og Jesus som kjende til alt ho hadde gjort, slik han kjenner oss alle, heldt Jorunn fram. Teksten gjev tankar og utfordringar til både gammal og ung. Ungdomstida har alltid hatt sine utfordringar, og ungdommane i dag har truleg større utfordringar enn nokon før dei!



Etterpå var det utdeling av Det nye Testamentet med gode ynskje for konfirmantane. Ute skein sola, men mange stogga att for kyrkjekaffi og ein prat.



Millionkronerspørsmålet fekk prest Bengt av Jorunn, før ho gjekk vidare med preika!

Etter løyve frå Jorunn, barne- og ungdomsarbeidar, trykkjer Brubyggjaren preika hennar til presentasjonen av konfirmantane. Talen er eit viktig minne og eit grunnlag for det vidare arbeidet i konfirmasjonstida. Ja, spørsmålet Bengt fekk, er ikkje mindre aktuelt for oss andre!



Kaffi og noko å bita skapte interesse. Det viste det faktum at det til tider var stor trafikk!



For å få med alle, måtte ein ta biletet då dei sat på den framtidige plassen sin under kyrkjekaffien. Frå venstre: Philipp Hjeltnes, Oliver Williksen, Synva Opheim, Emma Plonska Mediå, Johanna Hjeltnes og Aina Emilie Hjortland-Bergo.
Simen Bakkan Ådland, Lasse Hatlestad og Tobias Hatlestad var ikkje til stades.



Me ynskjer dei lukke til som konfirmantar og med livet!



Jesus og den samaritanske kvinnen

Johannes 4,27-30 og 39-43

TEKST: JORUNN BERGO AARVIK

Her kjem eit tenkt dilemma: Kva ville du gått for dersom du kunne velja mellom å få ein million kroner, eller hatt ein million følgarar på youtube? Ville du gått for pengane? Eller aller helst vera stjerne på sosiale media?

Eg ville nok gått for pengane. Men eg kan forstå at nokon kan synast at det freistar å bli youtubestjerne. Tenk å få bli sett og anerkjent av så masse folk!

Det å bli sett og bekrefta av andre er eit grunnleggande behov alle menneske har. Ikkje av ein million følgjarar på digitale media, kanskje. Det er sikkert ikkje heilt sunt ein gong.

Men alle menneske treng å bli sett og bekrefta. Av foreldre, slektingar, vener, flokken sin.

Det motsette, å bli avvist av andre menneske, gjer skikkeleg vondt. Derfor prøver jo dei fleste av oss å oppføra oss sånn relativt greit mot folk rundt oss, for at folk ikkje skal bli så lei av oss at dei går sin veg. Det er nok bra, at me alle anstrenger oss litt for å vera ei hyggeleg utgåve av oss sjølv.

Men av og til, viss du vil bli lagt merke til av mange, er det ikkje sikkert at det er nok å vera ein hyggeleg versjon av seg sjølv. Då freistar det kanskje å gå litt kraftigare til verks. Av og til gjer me oss kanskje litt betre enn me eigentleg er, fornekta dei tinga me skammar oss over og skjuler oss bak filter og glatte masker.

Problemet er at det kan bli litt mange filter. At avstanden mellom den filtrerte overflata og den eg innerst inne er, blir for stor. Då kan uroa mælda seg:

Kva om nokon finn ut kven eg eigentleg er? Det er nok tryggast å lata som om eg er ein annan, lata som om eg er perfekt.

Så kjem ei redsle for å bli avslørt. Tenk om nokon finn ut at eg ikkje er så bra som folk trur. Vil dei lika meg då?

Bibelteksten me nett las, handlar om ei kvinne som blei avslørd. Og at den avsløringa som ho på forhånd sikkert var redd for, blei ein ny og bra start i livet hennar. Bibelteksten er henta frå ein litt lengre bibeltekst om ei kvinne som går til brønnen utanfor landsbyen for å henta vatn. Dette skjer i Samaria, eit område i det som i dag er Israel. Me veit ikkje så mykje om henne, kva ho heitte, kor gamal ho var, eller om ho hadde barn. Men me veit at ho hadde teke mange därlege val i livet sitt. Ekteskap hadde gått i stykke. Gjort ting som var heilt uhøyrde i det samfunnet ho levde i.

Ut frå bibelteksten kan det sjå ut som om ho prøver å unngå å møta folk. Det ser me av det at ho går åleine til brønnen på den

varmaste tida av dagen, då ingen orkar å vera ute eller jobba. Går ho åleine fordi ho har noko å skjula? Er ho redd for å bli avslørd?

Ved brønnen sit det nokon og ventar på henne. Det er ein mann ho ikkje har sett før. Mannen er jøde, det skjønar ho på klesdrakta hans. Og jødar og folk frå Samaria var i utgangspunktet fiendar. Dessutan var det ikkje sosialt akseptert at kvinner og menn som ikkje kjente kvarandre, prata med kvarandre.

Difor forventa ho nok ikkje at mannen ved brønnen skulle ta kontakt. Men det gjer han. Jesus, for det er det mannen heiter, ber henne om å få litt av vatnet som ho heiser opp av brønnen. Og slik kjem dei i snakk. Og så fortel Jesus at han veit om alt det gale og dumme ho har gjort i livet. Han nemner dei tinga ho antakeleg skammar seg over.

Kva ville du gjort om du blei avslørd, om det viste seg at nokon visste om det dumme du hadde gjort? Hadde du blitt fornærma og gått din veg? Alternativt kunne du kanskje forsøkt å nekta, sagt at det som vart påstått ikkje var sant. Kanskje du kunne skulda på nokon andre?

Kvinna i teksten gjer ingen av desse delane. Ho rømmer ikkje, bortforklarar ingenting, blir ikkje fornærma.

Eg veit ikkje kva ho tenkjer. Men ho blir verande, lyttande. Kanskje det opplevest som ein lettelse å sleppa å skjula seg? Sleppa filtera?

Kanskje var det tross alt betre å bli sett for den ein faktisk er, at Jesus veit kven ho er, og kva ho har gjort? Kvinna som gjekk åleine til brønnen, treng ikkje forsøkja å skjula noko for Jesus. Fordi han allereie kjenner henne.

Og det er dette som er så spesielt med Jesus: Sjølv om han veit om alt det dumme ho har gjort, så vil han likevel vera saman med henne. Han avviser ikkje. Tvert imot, han har noko verdifullt han vil gje henne: Jesus seier at «den som drikk av det vatnet eg vil gje, skal aldri meir tørsta. For det vatnet eg vil gje, blir til ei kjelde i han med vatn som bryt fram og gjev evig liv»

Og det tilbodet gjaldt ikkje berre den samaritanske kvinnen, det gjeld oss også: Jesus veit kven me er, alt gale me har gjort, alt som har gått i stykke, alt me skammar oss over. Likevel vil han vera saman med oss. Og ikkje berre det: Jesus vil gje oss del i eit evig liv, saman med han.



Himalpartner-helg i Eidfjord

5.-6. november har Himalpartner regionsamling i Eidfjord. Kyrkjelyden i Eidfjord har samarbeid med Himalpartner (tidligere Tibetmisjonen). Me støttar eit prosjekt der Butwal Technical Institute i Nepal skal vidareutviklast. Den mekaniske linja skal få CNC utstyr, så dei kan produsera mekaniske delar med større nøyaktigheit og med større effektivitet. Dei vil også kunna gje vidareutdanning til mekanikarar frå andre bedrifter i bruk av slikt utstyr. Dei skal også byggja opp utdanning i byggfag. Desse prosjekta skjer i samarbeid med Krokeide yrkesskule.

Laurdag 5. november vert det samling i kyrkjelydssalen kl 15.30-18.00. Tema vert mellom anna strategiutvikling for Himalpartner. Kl. 18.00-19.00 vert det servering av betasuppe. Kl. 19.00 møte med meir informasjon om Himalpartner sitt arbeid. Sundag vert det gudsteneste kl. 11.00. Det vert ofring til Himalpartner. Etterpå kan ein kjøpa seg middag og/eller kaffi og kaker. Det vert også ein liten marknad med sal av ting, mellom anna frå Nepal. Kanskje kan de finna nokre julegåver der. Alt er til inntekt for Himal partner. Det vert også informasjon om prosjektet vårt, om kva som har skjedd med det første

prosjektet me støtta, og om moglege nye prosjekt når det noverande er fullført.

Me vil gjerne ha påmelding for dei som kjem til betasuppe på laurdag til Marte Seip på SMS/tlf. 412 64 959 eller på mail marte.seip@eidfjord.net.



Alle skular skulle målast gule. Dermed har BTI ikkje lenger den karakteristiske fargen kvit og blå. Dette bygget var tidlegare raudt.

Amerikabesøk til Ulvik kyrkje

Kyrkja har ulik betydning for folk. Men kor mange av oss har ikkje søkt inn i ei kyrkje på reise i utlandet. Ei kyrkje ber ofte med seg ei lang soge, både i innhald, kultur, byggeform og kunst. I ein travel kvardag, eller støyande by, vert kyrkja ein stad «for komtemplasjon», som Kong Olav sa ein gong. Utflyttarar sokjer gjerne tilbake til sin bardoms kyrkje.


I sommar, den 4. juli, på USA sin nasjonaldag, kom Jesse Rude, frå Minneapolis i USA til Ulvik. Han ville finna spora etter forfedrane sine som reiste frå Ulvik i 1849. Han aettar frå Torblå-Skeie familien og ville finne røtene sine og sjå kvar forfedrane hans kom frå. Dei selde fjordane for å kjøpa præreien! Kyrkjeverja vår fylgte Jesse omkring i og utanfor kyrkja. I etterkant fekk ho takkebrev med tekst og bileta.

Les hans eigne ord under biletta.



This is a copy of Ulvik's medieval altarfront. The original dates to 1250 and hangs in the Bergen Historical Museum.

Originalbiletet er frå om lag 1250.



Ulvik kyrkje

My direct ancestors, having left Ulvik in 1849, never attended this "new" church. But there are elements of their church that they would recognize, as many artifacts of the older churches have found their way into the present structure.

Forfedrane til Jesse Rude reiste til Amerika ti år føre nyekyrkja var bygd.



This bell rang in Ulvik's tower from the 1300s until it finally broke a few years ago. Behind the bell you can see one of the stoves that was in use to heat the building until the 1950s when a more modern (less risky) form of heating was introduced. Wilma is currently in the process of updating that system.

Frå 1300-talet ringde denne klokka.
Omnane var i bruk til rundt 1950.

Wilma van Manen, the church verger, took me on a guided tour of this magnificent building, and explained how those various pieces come together.



Wilma van Manen, verger of Ulvik kyrkje. Behind her you can see the ornately carved arch leading to the altar and the richly painted walls.

Jesse Rude takkar Wilma for at han fekk omvising i Ulvik kyrkje. Under omvisinga la Jesse merke til at eit par benkar var fjerna for å skapa eit leikeområde for barn – ein stad for barn å vera barn, men likevel vera med i gudstenesta. Det fortalte Jesse at dette er ei fungerande kyrkje, ei kyrkje som tenker på framtida si, så vel som fortida.



All babies born in Ulvik since the 1300s to the present day have been baptized at this font.

Frå 1300 og framleis i dag, har ulvikingane vorte døypte frå denne døypefonten. Heilt sikkert og forfedrane til Jesse Rude. Ikkje rart han let seg fotografera nettopp her!

EIDFJORD

Eit ljos blir tent

TEKST: MANUELA BJOTVEIT
BILETE: EIDFJORD KYRKJE

Var du med i fjor då me i minikyrkja laga lykter og gjekk i tog til bygdaheimen? Det var veldig kjekt for alle som var med. Difor skal me gjera dette omatt i år. Torsdag 01.12.22 skal me møtast i kyrkja kl. 16.00 til ein felles middag. Etter middagen får alle born laga si eiga lykt. Dei vaksne får hjelpa til. Når alle er ferdige, skal me gå i lag til bygdaheimen. Der har me samling med song, forteljing og sjølvsagt såpebobler. Kanskje me får litt saft og kjeks før me går heim att. Bli med du også vel! Eldre søsken er hjarteleg velkomne.
Dato for minikyrkja i haust: torsdag 03.11.22 kl. 16.00–17.45 og torsdag 01.12.22 kl. 16.00–18.00





Hei, hei, nå startar me med eit lite hopp

TEKST: INGEBORG WIJLAND

BILETE: MANUELA BJOTVEIT

Sidan august er barnekoret «Songglede» i Eidfjord kyrkje på banen igjen med kjende og kjære songar. Men også med nytt repertoar!

Kvar tysdag samlar alle borna med songglede seg i kyrkja for ein halv time med song, moro og vennskap. Foreldra er hjarteleg velkomne for å sjå på. Nokre gonger får dei også vera med, og det skapar god atmosfære og tilhøyre. Og med

Ingeborg som 'dirigent' kan du aldri vita kva som skjer, men det vert i all fall ikkje keisamt.

Etter haustferien blir tilbodet litt annleis! **Barnekoret «Songglede» øver kvar tysdag frå kl. 14.30 til kl. 15.00 i SFO-tida. Alle born i småtrinnet er hjarteleg velkomne! Barnehageborn frå og med 4 år møtest saman med foreldra kvar tysdag frå kl. 17.00 til kl. 17.30 (Småbornsong).**



TEKST: INGEBORG WIJLAND

BILETE: MANUELA BJOTVEIT

Du treng ikkje ein koffert for å få ei skikkeleg god feriekjensle. Du kan faktisk bli i eiga bygd for å skapa nye minne og oppleva spennande ting. «Ferie utan koffert» er ein aktivitet til alle som er over 65. Aktiviteten byr på ein triveleg møteplass i kyrkja med rom for ein prat, god mat, musikk, teater, nokon gonger litt trim og mykje meir.

Kvar fyrste tysdag i månaden står kaffien ferdig frå og med kl. 10.00. Hjarteleg velkommen til neste «Ferie utan koffert»! Dato hausten 2022: tysdag 01.11. kl. 10.00-14.00 og tysdag 06.12. kl. 10.00-14.00.

Påmelding dagen før arrangement til Manuela på telefon 402 16 611 eller på epost manuela@eidfjordkyrkje.no.



Spanande med skattejakt!

Skattejakt i kyrkja og hausttakkefest

TEKST & BILETE: MANUELA BJOTVEIT

Sju spente firåringane kom med kvar si fruktkorg til Eidfjord kyrkja søndag 25.09. Rolf tok godt imot dei. Først øvde me på å gå i tog. Ikkje så lett med ei tung fruktkorg i handa og i tillegg skulle me syngja. Men det gjekk fint. Då me hadde øvd på det, så var det tid for skattejakt. Me måtte høgt og lågt gjennom kyrkja, gjennom ein mørk gang (heldigvis hadde me lommelykt) og i siksakk gjennom peisestova, før me endeleg kom fram til skattekista. Heldigvis var det sjokolademyntar til alle. I barnekroken koste me oss med bollar og eplesaft. Så var det endeleg tid for gudsteneste. Alle firåringane fekk utdelt barnebibel under gudstenesta. Barnedåp var det òg. Etterpå var det kyrkjekaffi, og kyrkjelydssalen var godt fylt opp.



Trusopplærar Manuela Bjotveit deler ut 4-årsboka under Hausttakkefesten i Eidfjord kyrkje.



Auke festeavgifter og avgiftssatsar kistegrav for gravplassane i Ulvik i frå 01.01.2023

Auke festeavgifter frå kr 150,- til kr 250,- pr. grav pr. år.

Auke avgiftssatsar kistegrav frå kr 9.500,- til kr 13.000,- for busett utanfor Ulvik herad.

HST – 05/22 Samrøytes vedtak: Ulvik herad vedtek fylgjande avgiftssatsar og bolketid for Ulvik kyrkje og gravplassar, frå 01.01.2023:

- | | |
|--|----------------|
| 1. Festeavgifta for grav ved sida av, i bokl på 5 år. | kr 250,-/pr år |
| 2. Festeavgift der fribolken (fredingstida) er gått ut, i bokl på 5 år. | kr 250,-/pr år |
| 3. Festeavgift for utanbygds vert å betala frå fyrste dag, bokl 20 år. | kr 250,-/pr år |
| 4. Ved gravferd når avdøde var busett utanfor kommunen,
vert det i tillegg til leige av kyrkja, kravd betaling for: | |
| 5. Graving av kistegrav. | kr 13.000,- |
| 6. Graving av urnegrav. | kr 2.000,- |
| 7. Dobbel festeavgift for graver frå 60 år og over. | |

JESUS METTAR 5000

ROLF SITT
FORTELJARHJØRNE



Denne gongen skal eg fortelja deg om Jesus. Jesus er ein superhelt. Superheltar kan gjera ting andre ikkje kan.

TEKST & BILETE:
MANUELA BJOTVEIT
(FORTELJING: BIBELEN FOR
DEI SMÅ. HERMON FORLAG.
2007)

Ein gong var Jesus i lag med 5000 menneske. Alle var svoltne. Men dei hadde berre 5 fiskar og 2 brød. Trur du det var nok til alle?



Har du lyst å sjå forteljinga som film?
Her kan du det.

Jesus og læresveinane var trøytte. Dei trøg ein roleg stad å kvila. Difor gjekk dei opp i ein båt og la ut frå land, men folket fylgte etter. Over 5000 menneske hadde kome for å sjå Jesus. Sjølv om han var trøytt, ynskte Jesus å hjelpe dei. Han gjekk ut av båten, og byrja å velsigna og lækja mange menneske. Seinare på dagen sa læresveinane til Jesus: «Det byrjar å bli seint. Desse menneska skulle ha vore heime og ete middag no.» «Vi kan gje dei mat», svara Jesus. «Sjå om det er nokon som har noko å dela.» Læresveinane fann ein gut. Han hadde fem brød og to små fiskar. «Ta med guten hit», sa Jesus. «Korleis kan så lite mat vera nok til at alle desse menneska skal bli mette?» spurde læresveinane. Jesus svara: «Vent og sjå. Be folket om å setja seg.» Så tok Jesus brødet og takka Gud. Læresveinane gav brød og fisk til alle. Og til deira store overrasking blei det tolv korger med mat til overs!



FINN FRAM FARGEBLYANTAR



Det finst alltid ein grunn til å feira





TEKST & BILETE: MANUELA BJOTVEIT

Sju av førsteklassingane frå Lægreid skule kom til Eidfjord kyrkje for å feira at no er dei skuleborn. Dei hadde med seg mamma, besteforeldre eller faddertante. Vår gode Rolf Trustein var sjølvsgåt òg på plass. Med hjelp av Ingeborg og Manuela song han og barna for full hals. Me dansa, hoppa, leika og hadde det kjempekjekt. Manuela og Ingeborg fortalte om det første under av Jesus. Veit du kva det var? Eit lite tips. Jesus var òg på ein fest, og dei gjekk tom for noko. (Du kan lese om det i bibelen. Johannes 2, 1-11)

Heldigvis gjekk me ikkje tom for mat og drikke. Kva er ein fest utan mat? Tone hjalp oss på kjøkkenet slik at alle kunne gå heim mette. Det var ein vellukka fest for alle.

Konfirmantar «vekse te»!

BILETE: WILLEMINA VAN MANEN.

Sundag 11. september var det konfirmantjubileum for 50 og 60 års konfirmanter i Ulvik. På grunn av pandemien vart tre årskull samla. Litt vanskeleg å sjå alle, men du kjenner sikkert ein del. Etter å ha vore i kyrkja var det middag på Brakanes hotell. Om lag 40 jubilanter møtte. Etter ein god middag vart mange samla ute i finværet med ein kaffikopp og mykje godt prat og mimring.



Som dagane går...

Døypte

Ulvik

Nora Nedrevåg Espelid
Sigurd Steine

Eid fjord

Per Lægreid
Thea Hereid Sandstål

Avlidne

Ulvik

Sigfrid Nesheim, fødd 1922
Magne Hjelmevoll, fødd 1948
Solveig Marie Solheim fødd, 1946
Pål Andreas Forshaug Kolås,
fødd 1993

Eid fjord

Ruth Elida Sæbø, fødd 1924
Per Lægreid, fødd 1933
Sigrid Kvale, fødd 1923

Vigde

Ulvik

Stine Marie Berger og
Oddvar Hjortland
Beate Frøystein og
Kim Andre Pedersen

Eid fjord

Danielle Lisa Hagen og
Kjell Erik Kvamsdal


Konfirmantar 2023

ULVIK KYRKJE

Lasse Hatlestad
Tobias Hatlestad
Johanna Hjeltnes
Phillip Hjeltnes
Aina Emilie Hjortland-Bergo
Emma Plonska Mediå
Synva Opheim
Oliver Williksen
Simen Bakkan Ådland

EIDFJORD KYRKJE

Amelia Therese Zarzecka
Eivind Bu
Ingeborg Vik
Ingrid Ane Sæbø Lægreid
Kaia Herland
Lars Magnus Hereid
Lisa Fredheim Limstrand
Una Herland



Gudstenesteliste

ULVIK

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
06.11.2022	17:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Minnegudsteneste
02.12.2022	18:00	Fredag	Ulvik kyrkje	Song og ljosmesse m. konfirmantane
11.12.2022	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
24.12.2022	13:30	Laurdag	Ulvik kyrkje	Jolaftan
25.12.2022	12:00	Sundag	Ulvik kyrkje	1. joledag
31.12.2022	16:00	Laurdag	Ulvik kyrkje	Nyårsaftan

EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
30.10.2022	18.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Minnegudsteneste
06.11.2022	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
26.11.2022	17.00	Laurdag	Eidfjord kyrkje	Ljosmesse
11.12.2022	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
24.12.2022	16.00	Laurdag	Eidfjord kyrkje	Jolaftan
25.12.2022	12.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	1. joledag

Vil du ha SMS med påminning når det er gudsteneste i Eidfjord kyrkje?
Ta kontakt med kyrkjekontoret telefon 53 66 52 51 eller e-post post@eidfjordkyrkje.no
så set me deg på lista!

Du kan bruka Vipps ved ofringa i kyrkjene og ved gåver.
Vipps Ulvik kyrkje: 125390 - Vipps Eidfjord kyrkje: 127865

Søndagsskulen i Ulvik

Søndagsskulen i Ulvik er tilpassa born i alderen 4-10 år og møtest 3-4 gonger i halvåret. For informasjon om tidspunkt og aktivitetar, sjekk facebookgruppa «Søndagsskulen i Ulvik». Ta kontakt med Linda V M Praestiin på telefon 934 89 261 om du har spørsmål eller ynskjer å hjelpe til!





**Er du SVOLTEN, TØRST eller TRØTT
Vi er på jobb nesten hver dag hele året.**

Catering | Kafe & Kremmeri
A la carte | Lukka lag | Seng å sove i



Hos oss skal det være Sutalaust & Kjekt
www.eidtfjordhotel.no · Tlf: 53 66 52 64

ULVIK


VVS
Tlf. 913 77 113 E-post: rolf@ulvikvvs.no



GRAVFERDSTENESTER

inst i Hardanger

Handel & Handverk -Wollert Nordahl - 5730 Ulvik

Me hjelper gjerne til med det som pårørande ynskjer hjelp til etter eit dødsfall, slik som


- **transport av båre** (også henting på sjukhus)
- lysingar, gravferdssongar,
- og andre praktiske ting med papir og seremoniar.

Eg er å treffa til nesten alle døgnets tider
på tlf. 56 52 64 47
mob. 952 10554 / 952 13375

BLOMABUTIKKEN

5730 Ulvik – Tlf. 56 52 64 47

Me tek i mot tingingar
av blomahelsingar til alle høve,
i glede og i sorg.
I samband med dødsfall
kan me levera
blomahelsingar til dei pårørande,


kransar
båredekorasjonar
bårebukettar.

Me tek også på oss pynting av kyrkja.

Me tek gjerne på oss
pynting og stell av graver.

GRAVMINNE

Me leverer og monterer gravminne
i samarbeid med

EIKNER NATURSTEIN A[®]
(også oppussing av eksisterande steinar)

Ta kontakt med

Wollert Nordahl - Ulvik - tlf. 56 52 64 47

MURMESTER
Nils Gunnar
ØYDVIN AS
Mob. 971 85 452 - www.ulvikbygg.no



FJORDTIND

HOTELS

Velkommen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik
og Quality Hotel Vøringsfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale
og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevingar.

Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhotels.no

Quality Hotel Vøringsfoss: 53 67 41 00 // q.voringfoss@choice.no



BUTIKK1 AS
5730 Ulvik
Tlf. 56 52 65 47

Velkommen til en
hyggelig handel

Me ordnar alt vedrørande dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar



Døgnvakt telefon 56 51 11 94/905 50915

Arne Osa
Maskinentreprenør

5730 ULVIK

TLF. 56 52 64 82
MOB. 91 10 18 95



ULVIK BENZIN & SERVICE
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89

Mob. 907 54 533




**Det finst mange
små og store draumar
på Vestlandet**

No lanserer vi **kundeutbytte**, så
endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos
oss er kundane den største eigaren. Alle kundar
med lån eller innskot får delen sin av overskotet,
direkte utbetalta til seg og sine.

Les meir på spv.no/kundeutbytte





Baksida

TEKST: REDAKTØREN

Alt har ei bakside, Brubyggjaren og! Det vil seja at det kom eit innspel frå Eidfjord om at baksida på eit blad er viktig. Det hadde nokon som hadde greie på kommunikasjon, sagt. Brubyggjaren har alltid hatt preikelistene på baksida. Men dersom ein lurer på når det er preik i soknet, så finn ein alltid fram til desse inne i bladet. Eidfjord og Ulvik bytest om å laga framsida. Når me no får ei viktig baksida, så vil den som ikkje har framsida, ha førerett på baksida til å seja noko som er ynskjeleg å formidla. Det kan vera ei meiningsytring, noko som er viktig å få fram, eller tankar og hendingar som er verde å formidla.

Sidan dette er fyrste gongen folk vert kjende med bruken av baksida, så vil redaktøren koma med nokre tankar om Brubyggjaren si framtid. Det er viktig å aktivisera dei som har sagt ja til å vera med i redaksjonen. Dei er eit slags journalistar som skal syta for kontakt med folk, intervjuja, skriva om hendingar og produsera eigne tekstar og bilete. Om eit år er det val på sokneråd og kanskje nye redaksjonar. Det er sokneråda som vel redaksjonane. Redaktøren er tilsett av sokneråda/redaksjonane og kan skiftast ut av sokneråda, eller vedkomande sluttar «frivillig» etter ei tid. Det er ei tid for alt og alle. Eit blad skal utvikla seg og endrast etter som tida og folket endrar seg. Brubyggjaren og samarbeidet mellom Eidfjord og Ulvik avsluttar snart tredje året. Det har vore hyggeleg og fungert bra. Men det vil alltid vera noko ved arbeidet som kan endrast til det betre. Det er mykje snakk om «vanlege folk» i dag, særleg i politisk samanheng. Når det gjeld «Brubyggjaren», synest eg det har vore viktig å tenkja alle folk! Det oppstår så lett grupper i samfunnet som kjempar for si sak på ein måte som splittar, og skaper strid. Kongen sa i ein nyttårstale at «Me er alle ulike, men likeverdige»! Det gjeld å respektera kvarandre som menneske, og me veit ikkje kva dei ulike strevar med. Omsorg og omtanke for kvarandre vert det viktigaste kriteriumet på eit godt samfunn.

Fornying og endring av kyrkjebladet bør alltid vera innanfor ei ramme som tek med alle. Eg har snart vore redaktør i Brubyggjaren i tre år, og med i mange år den gong Ulvik og Granvin var i lag. Når det gjeld Brubyggjaren, har eg tenkt litt som sogningen i ei lita bygd som hadde fått doktar: «Viss me leve å ha helso, so ska me te doktaren både eg og kjerringi!» At viss eg lever og har helsa, så kan eg eg vera med eit lite stykke til, dersom ikkje sokneråda finn ei/ein erstattar før? Men om knapt eit år er det val av nye sokneråd. Sjølv om nokre tek attval, så er det ein slags ny start, og difor bør eit redaktørskifte gjerne vera på plass, før nye folk tek til? Erfaringane har dei som sit i styra og redaksjonane no! De får ta til med redaktørarbeidet. Eg har same interessa som sokneråda, og ynskjer ei ærleg og nøktern vurdering. Kanskje det har vorte for lite kyrkje og for mykje blad? Personleg synest eg at kyrkjelyds-arbeidarane har fått borna og deira aktivitetar fram i lyset, og vegen til dei vaksne går best gjennom borna. Berre sjå på indrettslaga. Får du borna med, så kjem dei vaksne og. Redaksjonane si rolle og involvering i å skaffa stoff, sjekka opplysningars og lesa korrektur kan verta betre. Ein redaktør som har vore med lenge og dreg på åra, kan lett gå fast i eit spor, ein stil som treng fornying. Nye kostar trengst i alle samanhengar etter ei tid!

Som ei oppsummering vil eg seja at det har vore eit kjekt og gjevande samarbeid med mange ulike prestar, kyrkjeverjer og andre. For «ein røvar, ein filister», for å bruka Olav H. Hauge sine ord om seg sjølv, om meg sjølv, så må eg takka for tilliten! Tida fram til valet får me bruka til ettertanke og nye tankar om «Brubyggjaren». Eg vonar at bygdefolka vil halda fram med å stø opp om bladet og finna glede i å lesa det! Hugs at nettopp di og mi støtte kan vera avgjerande for å halda liv i «Brubyggjaren»!